



Lotterinemnda

Vedtak i Lotterinemnda 6. juni 2018

Sak

2018/0129 Tresfjord Janitsjar – org. nr. 971 373 113 – klage over avvisning av søknad om tilskot frå speleoverskotet til Norsk Tipping

Til stades: Vara for leiar Audgunn Syse, medlem Åse Gustavsen og medlem Ingjald Sørhøy

Sakens bakgrunn

Tresfjord Janitsjar (klagar) sendte 1. desember 2017 e-post til Lotteritilsynet angående tildeling av tilskot frå speleoverskotet til Norsk Tipping. Av e-posten gjekk det fram at Tresfjord Janitsjar har trudd at dei søkte om tilskot frå speleoverskotet til Norsk Tipping for 2017, men at søknaden vart fremma på feil søknadsskjema.

Lotteritilsynet avviste søknaden 21. februar 2018, med den grunngjeving at klager ikkje hadde sendt inn riktig skjema for søknad om tilskot frå speleoverskotet til Norsk Tipping innan søknadsfristen 1. juni 2017.

Klaga klaga på vedtaket 8. mars 2018. Klagar viser til at dei innan søknadsfristen har sendt inn søknad. Klagar meiner at det ikkje kan få betydning at søknaden vart fremma på feil søknadsskjema, og at den likevel må kunne behandlast. Vidare viser klaga til at dei vil komme i ein økonomisk vanskeleg situasjon om desse midlane uteblir, og i verste fall kan dette føre til nedlegging. Det vises til klagen i sin heilhet.

Lotteritilsynet har ikkje funne grunn til å gjere om vedtaket sitt. Klagen med innstilling frå Lotteritilsynet vart sendt til Lotterinemnda 25. mars 2018 for behandling.

Det rettslege grunnlaget

Det rettslege grunnlaget for ordninga er forskrift 12. juni 2009 nr. 640 om tilskudd til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar frå spilleoverskuddet til Norsk Tipping. Denne forskrifta blei med verking frå 7. mai 2018 erstatta med ei ny forskrift av 4. mai 2018 nr. 678 om tilskudd til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar frå spilleoverskuddet til Norsk Tipping. Søknadar om tilskot for tildelingsåret 2018 fylgjer den nye forskrifta. Då klagen gjeld søknad om tilskot frå speleoverskotet for tildelingsåret 2017, fylgjer saka forskrift av 12. juni 2009 nr. 640.

Postadresse

Postboks 511 Sentrum
5805 Bergen

Besøksadresse

Zander Kaaes gate 7
5015 Bergen

Tlf.: 55 19 30 00

E-post: post@knse.no

Etter forskrifta § 6 første ledd skal søknaden «fremsettes på eget skjema og sendes Lotteritilsynet innen 1. juni». I forlengelsen fremgår at «det normalt ikke [vil] bli gitt fristutsettelse eller oppreisning for fristoversittelse».

Etter forvaltningslova § 34 kan klageinstansen prøve alle sider av saka og ta omsyn til nye opplysningar. Klageinstansen kan sjølv treffe nytt vedtak i saka eller oppheve det og sende saka tilbake til underinstansen til heilt eller delvis ny behandling.

Lotterinemnda si vurdering

Tresfjord Janitsjar si klage gjeld Lotteritilsynet sitt vedtak 21. februar 2018 om å avvise søknaden om tilskot frå speleoverskotet til Norsk Tipping.

Klagar sende 1. desember 2017 ein e-post til Lotteritilsynet der det mellom anna gjekk fram at dei trudde at dei har søkt om tilskot frå speleoverskotet til Norsk Tipping for 2017, men at søknaden vart fremma på feil søknadsskjema. Lotteritilsynet behandla dette som ein søknad på tilskot frå speleoverskotet til Norsk Tipping, og avviste søknaden då denne var kommet inn etter fristen som var 1. juni 2017.

Vurderinga av om det kan gjevast oppreisning for fristoversitting vert gjort i samsvar med regelen i forvaltningslova § 31. Det vert vist til tidlegare praksis frå Lotteritilsynet og Lotterinemnda. Dette betyr at sjølv om klagaren har overskride søknadsfristen, kan søknaden likevel takast opp til handsaming dersom; a) parten eller ein fullmektig ikkje kan lastast for å ha overskride fristen eller for å ha venta med å søke til etterpå, eller b) det av særlege grunnar er rimeleg at søknaden vert handsama. Ved vurderinga av om søknaden likevel bør takast opp til behandling, skal det også leggjast vekt på om ein endring av vedtaket kan medføre skade eller ulempe for andre.

Klagar har ikkje sendt inn søknad på fastsatt søknadsskjema innan søknadsfristen. Det går fram av dokumenta i saka at klagar har vore overskotsmottakar sidan 2008, og nemnda legg til liks med Lotteritilsynet til grunn at klager difor er kjent med kva slags søknadsskjema som skal sendast inn, og at søknaden må sendast innan den fastsette fristen. Informasjon om dette vart også gitt på Lotteritilsynet sine nettsider, og Lotteritilsynet sendte ut informasjonsbrev om dette. Nemnda kan ikkje sjå at det i denne saka ligg føre særlege grunnar som tilseier at søknaden likevel skal behandlast. Nemnda viser vidare til at økonomiske konsekvensar grunne manglande tilskot, ikkje i seg sjølv gjer grunnlag for oppreisning for fristoversitting.

Konklusjon

Lotterinemnda har, etter ei konkret vurdering av opplysningane i saka, stadfesta Lotteritilsynet sitt vedtak.

Vedtak

Klagen vert ikkje teken til fylgje.

Dokumentet er godkjent elektronisk